

# LANDBRUKSPLAN



Vedtatt av Bømlo kommunestyre 29.10.2007 – sak nr 03/07



## **Særutskrift frå kommunestyrevedtaket 29.01.2007:**

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

1. Landbruksplanen for Bømlo gir ein god oversikt over tiltak som bør setjast i verk for å utvikla landbruksnæringa i Bømlo. Tiltaka som gjeld tilleggsnæringar bør takast med i strategisk næringsplan for Bømlo kommune
2. Kommunalt tilskot til grøfing, nydyrking og skogsvegar vert vurdert ved rullering av velferdsplanen
3. Det er viktig at tiltaka for å stansa attgroing av kulturlandskapet på Bømlo vert prioritert i åra framover. Innmarksarealet på Hjartnes bør takast med som eit viktig kulturlandskapsområde ved neste rullering av kommuneplanen
4. Areal som er registrert som kjerneområde landbruk bør takast med i temakartet ved neste rullering av kommuneplanen for Bømlo
5. Det skal startast opp rullering av strategisk næringsplan for Bømlo kommune snarast mogleg



---

## INNHALD

1.	<i>Mål</i> .....	4
2.	<i>Kvifor laga landbruksplan</i> .....	4
3.	<i>Prosess</i> .....	5
4.	<i>Utviklinga i jordbruket</i> .....	5
5.	<i>Kva tiltak kan setjast inn for å ta vare på mjølkeproduksjonen på Bømlo?</i> .....	6
6.	<i>Kva tiltak kan setjast inn for å ta vare på sauehaldet på Bømlo?</i> .....	6
7.	<i>Kva tiltak kan setjast inn for å auka aktiviteten i skogbruket på Bømlo?</i> .....	7
8.	<i>Tilleggsnæringar som er starta opp i tilknytning til landbruket i Bømlo</i> .....	7
9.	<i>Tilleggsnæringar som kan utviklast i tilknytning til gardsbruka</i> .....	7
10.	<i>Viktige strategiar i kulturlandskapssatsinga på Bømlo</i> .....	8
11.	<i>Bruk av SMIL- midlar</i> .....	9
12.	<i>Nye tiltak som bør setjast i verk for å ta vare på kulturland-skapet på Bømlo</i> .....	10
13.	<i>Oversikt over økonomiske verkemiddel i landbruket</i> .....	10
14.	<i>Juridiske verkemiddel</i> .....	11
15.	<i>Miljøarbeidet i landbruket</i> .....	12
16.	<i>Dei viktigaste landbruksområda i Bømlo</i> .....	12
17.	<i>Dei viktigaste kulturlandskapsområda i Bømlo</i> .....	13

## 1. Mål

Landbruksnæringa i Bømlo må sikrast langsiktige rammevilkår som sikrar bøndene gode levekår. Landbruket må drivast miljømessig og innehalda eit mangfald av produksjonar, og det må leggjast vekt på å ta vare på kulturlandskapet. Det må vidare leggjast stor vekt på å ta i bruk alle ressursane på gardane for å skape tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk.

## 2. Kvifor laga landbruksplan

I St. melding nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* har Landbruksdepartementet sagt at utarbeiding av landbruksplan vil vera ein sentral reiskap til å gje kommunen innsikt i næringa sin areal- og ressursbruk, samt gje grunnlag for å definera mål for landbruket si utvikling i kommunen. Ein landbruksplan skal synleggjera landbruket sine interesser, verdiar og samfunnsansvar, og setja landbruket på dagsorden.

Det har dei siste åra vore ei gradvis overføring av landbruksretta oppgåver frå staten til kommunane. Frå 01.01.2004 gjer kommunane førstegangsvedtak etter nær sagt heile lovverket knytt til landbruk. Denne overføringa av mynde saman med overføring av dei økonomiske verkemidla gjer at kommune no sit med større moglegheiter for å sjølve styra utviklinga av landbruket lokalt. Dette har auka trong for meir lokal planlegging av utviklinga på landbrukssektoren i kommunen.

I same periode har me hatt ei negativ utvikling i landbruksnæringa i kommunen, der talet på husdyrbruk har gått ned frå 173 til 88 på 10 år. Dette gjer at tida er inne for setja fokus på landbruksnæringa i kommunen gjennom arbeidet med ein landbruksplan.

Landbruksdepartementet og KS oppmodar også kommunane sterkt om å laga Landbruksplan og peika ut kjerneområde for landbruket i kommunen. Vidare vert kommunane oppmoda om å prioritera viktige kulturlandskapsområde. Sist men ikkje minst er det viktig at kommunen viser ei aktiv haldning på landbrukssektoren i høve til statlege styresmakter, slik at kommunen framleis vert prioritert med økonomiske midlar til kulturlandskapstiltak m.m.

Bømlo Formannskap gjorde 30.08.05 slikt vedtak:

1. Bømlo kommune startar arbeidet med å laga Landbruksplan i samsvar med dei føringane som går fram av saksutgreiinga.
2. Landbruksplanen skal vere todelt, der ein del er strategisk næringsplan for landbruket i Bømlo og ein del der kjerneområda for dei beste jordbruksområda og kulturlandskapsområda vert kartfesta.
3. Landbruksplanen skal vere ferdig innan utgangen av august 2006.

### 3. Prosess

Arbeidet med landbruksplanen vart starta med eit ope møte på Sunnhordland Hotell 09.01.06. Alle som mottek produksjonstilskot i jordbruket var invitert til møtet. Det var om lag 80–90 deltakarar på dette møte. Berit Rystad, Per Aas Moen og Sissel Hesjedal frå Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling var innleiarar på møte. Tema var: Korleis kan me ta vare på dei bøndene som driv i dag? Korleis kan me utvikla landbruket vidare? Korleis skal me klara å ta vare på det opne kulturlandskapet me har i Bømlo?

Same dag var Fylkesmannen sine representantar i møte med ordførar og rådmann der landbruksplanen var tema. Landbruks- og miljøavdelinga arrangerte arbeidsmøte på landbruksplanen 23.01.06 og 15.02.06, der 5 styremedlemer frå kvart av laga Bømlo Bondelag, Bømlo Bonde- og Småbrukarlag, Bømlo Skogeigarlag, Bømlo Bondekvinnelag, Bømlo Sau- og Geitalslag og Bremnes Birøktarlag var invitert. Det var 20-25 deltakar på baa møta. Det var stort engasjement i gruppene.

På møte 23.01.06 var tiltak i tradisjonelt landbruk tema. Då var prosjektleiar Svein Åge Vangdal med frå prosjektet *Vi satsar på Mjølke i Hordaland*. På møte 15.02.06, der tema var tilleggsnæringar til landbruket, hadde me dagleg leiar i Bømlo Reiselivslag, Jørgen Gunnarson, og skogbruksjef Ove Gjerde med.

### 4. Utviklinga i jordbruket

Landbrukspolitikken er prega av reduserte overføringar og krav om billegare mat. Dette har ført til redusert lønsemd i jordbruket og reduksjon i tal bruk. Fleire og fleire bønder tek seg arbeid utanom bruket. Sidan mjølkeproduksjon er vanskeleg å kombinera med å gå på fast arbeid, ser me at fleire og fleire bønder no sel mjølkekvotane og satsar på sauehald i staden. I tillegg har me fått endring i regelverket for produksjonstilskotet med krav om ei omsetjing på kr. 30 000,- for å få produksjonstillegg. Dette gjer at talet på bruk som får produksjonstilskot er redusert frå 173 til 88 dei siste 10 åra.

Utviklinga går samstundes mot færre og større bruk. I 1999 hadde me 28 mjølkeprodusentar med ein gjennomsnittskvote på mjølke 62 392 liter. I 2005 var talet på mjølkeprodusentar gått ned til 16, og kvoten var i gjennomsnitt på 81 013 liter. Total mjølkeproduksjon var redusert frå om lag 1,75 mill. liter til 1,3 mill. liter.

Den same utviklinga skjer også i sauehaldet. I 1999 var det 118 bruk som dreiv med sau. Storleiken på buskapen var 33 vinterfora sauer. I 2005 var det 74 bruk som dreiv med sau, og gjennomsnittet var 55 vinterfora sauer pr. bruk i Bømlo. Talet på sauer har ikkje gått ned. Det er om lag 4013.

Færre bruk som driv med husdyr fører til at ikkje alt jordbruksareal vert halde i hevd. Særleg ser me at det er område i Langevåg og Mosterhamn som gror att med busk og kratt.



## 5. Kva tiltak kan setjast inn for å ta vare på mjølkeproduksjonen på Bømlo?

- Tilskotsordninga for bønder til kjøp av mjølkekvotar med 1 kr pr. liter frå kommunen bør innførast som ei varig ordning. Dette vil gjera det lettare for bøndene å planleggja utbyggingstiltak av mjølkeproduksjonen på lenger sikt.  
Ansvar: Bømlo kommune
- Sikra ei varig og trygg veterinærordning i Bømlo.  
Ansvar: Bømlo kommune
- Dei viktigaste landbruksareala i kommunen må sikrast mot utbygging/nedbygging.  
Ansvar: Bømlo kommune
- Landbruksvikarordninga og landbrukskontoret må oppretthaldast.  
Ansvar: Bømlo kommune og bøndene
- Det bør opprettast kommunalt tilskot til grøfting, nydyrking og nye driftsbygningar.  
Ansvar: Bømlo kommune
- Det bør stimulerast til meir samarbeid mellom husdyrprodusentane på Bømlo. Overskot av kalvar og smågris bør ikkje sendast ut av kommunen, men bør kunna fôrast opp til slakt av andre bønder i området.  
Ansvar: Bømlo Bondelag og Bømlo Bonde- og Småbrukarlag
- Landbrukskontoret bør kalla inn mjølkeprodusentane til to grendemøte for å drøfta nye samarbeidsprosjekt blant mjølkeprodusentane.  
Ansvar: Bømlo kommune, Landbruks- og miljøavdelinga, i samarbeid med Bømlo Bondelag og Bømlo Bonde -og Småbrukarlag

## 6. Kva tiltak kan setjast inn for å ta vare på sauehaldet på Bømlo?

- Det må leggjast til rette for fleire fellesbeite i Bømlo. I tillegg bør storfebeite kunna utnyttast til sauebeite i dei periodane av året når storfe ikkje er ute på beite.  
Ansvar: Bømlo Sau- og Geitalslag
- Kommunale midlar til gjerdemateriell langs offentleg veg må oppretthaldast. Det er også viktig at SMIL-midlane vert prioritert til oppsetting av gjerde og til rydding av gamal kulturmark.  
Ansvar: Naturbruksutvalet
- Det bør opprettast fleire samdrifter i sauehaldet. Det bør også etablerast meir maskinsamarbeid blant sauebøndene.  
Ansvar: Bømlo Sau- og Geitalslag



- Kommunen bør leggja til rette for at aktive bønder bør få kjøpa tilleggsjord.  
Ansvar: Bømlo kommune

## 7. Kva tiltak kan setjast inn for å auka aktiviteten i skogbruket på Bømlo?

- Det er eit mål å få til eit biobrenselanlegg i kommunen. Aktuell plassering vil kunne vera ved nye Moster skule, Bømlabadet eller nær Svortland sentrum.  
Ansvar: Bømlo Skogeigarlag
- Rydding i plantefelt bør prioriterast i åra framover.  
Ansvar: Bømlo Skogeigarlag
- Eldre skogsvegar bør vedlikehallast og rustast opp.  
Ansvar: Bømlo Skogeigarlag
- Skogplanting etter hogst bør haldast oppe. Her bør ein få tilbake at elevane på skulen får prøva seg med skogplanting.  
Ansvar: Bømlo Skogeigarlag

## 8. Tilleggsnæringar som er starta opp i tilknytning til landbruket i Bømlo

- Utleige av rorbu og hytter. Døme: Aasheim rorbuer, Bømlo Hytteutleige, Karo Hytteutleige, Straumen Hyttegrend.
- Lefsebakeri: Thoras Lefsebakeri
- Inn på tunet: Jennyhuset
- Lokal foredling, Naustvika Ullverkstad, Brandasund
- Bygdeservice: Bømlo Bygdeservice
- Skjelldyrking: Mæland Skjell blåskjell, Ådnanes Skjell østers, Vest i havet østers
- Gartneri: Sakseid Gartneri
- Urte dyrking: Sikje småbruk, Vorneset
- Juletre/julegardsbutikk/gardsturisme og gardsbutikk: Lars Gunnar Ersland
- Birøkt: 1000 bikuber

## 9. Tilleggsnæringar som kan utviklast i tilknytning til gardsbruka

### Reiseliv:

- Det bør arbeidast for å få til ein campingplass i Bømlo. Høveleg plass vil vera i område ved Kulleseidkanalen Gjestehamn. Her vil det vera plass til vanleg campingplass og oppstillingsplass for bobilar og campingvagnar. I tillegg vil det også kunna vera opplagsplass for båtar. Det bør setjast av tilstrekkeleg areal til dette formålet i



kommuneplanen.

Ansvar: Bømlo Reiselivslag

- Det er eit mål å få minst eit bruk på Bømlo til å starta med gardsturisme. Her bør vera tilbod om overnatting på gardsbruket med servering av frukost, fisketurar, sykkelurar og delta i stell av husdyra m.m.  
Ansvar: Bømlo Bondelag, Bømlo Bonde- og Småbrukarlag
- Det bør utviklast nye suvenir som vert laga på Bømlo.  
Ansvar: Bømlo Reiselivslag

#### **Lokal foredling av matvare:**

- Det bør etablerast ein felles utsalsplass for gardsmat og sjømat på Bømlo.  
Ansvar: Reiselivslaget, Bømlo Bondekvinne- og Småbrukarlag, Bømlo Bondelag og Bømlo Bonde- og Småbrukarlag

#### **Inn på tunet (Grøn omsorg)**

Det bør vera ei målsetjing å få til eit nytt tilbod om grøn omsorg i Bømlo. Tilbodet bør kunna vera eit samarbeidsprosjekt mellom sosialkontor, AETAT og bøndene.

Ansvar: Bømlo Bondelag og Bømlo kommune, sosialkontoret

#### **Birøkt:**

- For å auka birøkta i Bømlo bør det leggjast til rette for nye plassar der ein kan plassera bikubene eit stykke frå bilvegane. Dette er spesielt viktig i dei områda i kommune der ein får størst honningproduksjon, d.v.s. område i den sørlege delen av kommunen.  
Ansvar: Bremnes Birøktarlag
- Grunneigarane og birøktarane bør saman med Brannvesenet få til årleg brenning av nye lyngheiområde.  
Ansvar: Bremnes Birøktarlag, Bømlo Bondelag og Bømlo Bonde- og Småbrukarlag
- Alle som har sauer må oppmuntrast til å la sauene beita på lyngheia om vinteren.  
Ansvar: Bømlo Sau- og Geitealslag

## **10. Viktige strategiar i kulturlandskapsatsinga på Bømlo**

- **Ta vare på kystlyngheia i kommunen**  
Bømlo har store samanhengande område med lynghei, og det bør vera eit prioritert tiltak å ta vare på mest mogleg av lyngheiområda.
- **Stansa attgroinga i landbruket sitt kulturlandskap vil også vera ei hovudutfordring**  
Talet på brukarar som søker om produksjonstillegg i jordbruket har gått ned frå 155 til 88 på 6 år. Det aller meste av jordbruksarealet vert rett nok leigd av andre når eit bruk avsluttar husdyrhaldet. Tendensen er at ein del jordbruksareal ligg brakk og ikkje vert hausta. Dette ser ein tydelegast i nokre område på Moster og i Langevåg. Mange





saueigarar ynskjer å auka talet på dyr dersom dei hadde større samanhengande beiteområde. Det vert difor svært viktig at ein med SMIL-midlar kan få inngjerda større samanhengande område.

- **Ta vare på biologisk mangfald**

I samband med kartlegging og verdifastsetting av naturtypar vart det slått fast at Bømlo hadde 38 område som er vurdert som svært viktige såkalla A-område. Dei mange A-områda viser at det er mykje interessant natur i Bømlo, og ei rekkje lokalitetar med sjeldne artar. Det er registrert 15 raudlista artar karplantar, der fleire knapt finst i andre kommunar i Hordaland. Tiltak som går på å ta vare på biologisk mangfald bør difor prioriterast høgt i vår kommune.

- **Ta vare på verneverdige bygningar og kulturminne**

Bømlo har som kystkommune mange verneverdige bygningar knytt til den tradisjonelle fiskarbonden. Dette er bygningar som naust, jordkjellarar, utefjos, driftsbygningar og våningshus. Ein del verneverdige bygningar er restaurert med hjelp av statstilskot gjennom den såkalla STILK-ordninga. Ein del bygningar står att, og det er viktig at det vert gjeve tilskot til desse.

## 11. Bruk av SMIL- midlar

Dette er statlege midlar som skal nyttast til spesielle miljøtiltak i landbruket. Kommunane har fått mynde til å tildela desse midlane:

Bømlo Formannskap gjorde i møte 27.04.04 slikt vedtak:

Formannskapet delegerer til Naturbruksutvalet å dela ut midlar til miljøtiltak i landbruket i 2004 i trå med desse føringane:

- Tiltak som det er gjort framlegg om i rapporten frå kartlegging og verdifastsetting av naturtypar skal prioriterast.
- Tiltak på landbrukseigedomar med husdyrhald der ein mottek produksjonstilskot skal prioriterast.
- Tiltak for å ta vare på lyngheia i Bømlo bør prioriterast.
- Beiteryddingsarbeid bør avgrensast til areal som kan ryddast i løpet av eit år.
- Tiltak som kjem inn under dei fire hovudsatsingsområda i Bømlo vil bli prioritert.
- Tilskot til skogsvegar skal avgrensast til kr 10 000,- i 2004.
- Tilskot til verneverdige bygningar kan gjevast med inntil 35% av godkjente kostnadsoverslag. Det vert berre gjeve tilskot til utvendig vedlikehald på verneverdige bygningar.
- Inngjerding av skogsområde for å laga skogsbeite bør kunna få tilskot.
- Når det gjeld skogsmidlane bør rydding av plantefelt prioriterast.

## 12. Nye tiltak som bør setjast i verk for å ta vare på kulturlandskapet på Bømlo

1. Grunneigarar og birøktarar bør saman med Brannvesenet få til **årleg brenning** av nye lyngområde.  
Ansvar: Brannvesenet i samarbeid med Bømlo Bondelag, Bømlo Bonde-og Småbrukarlag og Bremnes Birøktarlag
2. Det bør utarbeidast **ein utsiktsplan** langsmed vegane på Bømlo. Kor bør det hoggast for å sikra best mogleg utsikt langsmed vegane våre? Utsiktspunkta som er plukka ut i prosjekt Gullvegen må her få stor merksemd.  
Ansvar: Utsiktsplanen bør vere eit samarbeidsprosjekt mellom Statens Vegvesen, Bømlo kommune og grunneigarane sin organisasjon.
3. Det bør skipast til **kurs** om pleie av kulturlandskapet. Dette bør vera eit samarbeid mellom kommune, forsøksring og faglaga i landbruket.  
Ansvar: Bømlo kommune, Landbruks- og miljøavdelinga
4. Bømlo kommune bør delta i **prosjektet til Fylkesmannen i Hordaland** som skal starta opp for å stansa attgroinga i Hordaland.  
Ansvar: Bømlo kommune, Landbruks-og miljøavdelinga

## 13. Oversikt over økonomiske verkemiddel i landbruket

Landbruket har fleire ulike finansieringsordningar. Desse kjem i tillegg til den finansieringa ein kan få gjennom vanlege bankar:

### Innovasjon Norge:

Innovasjon Norge har som formål å fremja lønsam næringsutvikling i distrikta. Det vert gjeve investeringstilskot og lån med rentestøtte til bygging av nye driftsbygningar i landbruket. Vidare vert det gjeve etablerarstipend, investeringstilskot og lån med rentestøtte til utvikling av tilleggsnæringer på gardsbruk. Det vert gjeve støtte til kompetanseheving, marknadsundersøking og til investeringar.

### SMIL- midlane: Spesielle miljøtiltak i landbruket

Kommunen får kvart år tildelt midlar som skal løyvast til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Ordninga omfattar blant anna: Miljøtiltak, kulturlandskapstiltak, rydding av gamal kulturmark (beiterydding), restaurering av verneverdige bygningar, tiltak for å ta vare på biologisk mangfald og tiltak for å ta vare på kulturminne. Tiltak på landbrukseigedomar med husdyrhald som har motteke produksjonstilskot vert prioritert. I 2006 har Bømlo kommune kr 300 000,- til fordeling gjennom denne ordninga. Naturbruksutvalet har fordelt midlane til 11 søkjarar i 2006.

**NMSK- midlane:**

Dette er midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Midlane er ein del av løyvinga av SMIL-midlar til kommunane. Midlane skal nyttast til å stimulera til auka aktivitet i skogen, samstundes som ein tek vare på miljøverdiane i skogen.

**Regionalt miljøprogram:**

Dette er ein del av jordbruksavtalemidlane som vert fordelt av Fylkesmannen si landbruksavdeling. Midlane skal gå til bønder som gjer ein ekstra innsats for å ta vare på kulturlandskapet. Tilskotet vert gjeve til skjøtsel av brattlendte bruk, til skjøtsel av verdifulle innmarksbeite, til utegangarsau, til skjøtsel av kystlynghei, til skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø, til organisert beitebruk og til landskapskjøtsel med ammegeiter.

**Produksjonstilskot i jordbruket:**

Dette er den viktigaste tilskotsordninga for dei aktive bøndene. For å få tilskot må ein ha ei omsetjing, dvs. inntekt frå jordbruk og skogbruk på minst kr 30 000,-. Søknadsfristen er 20. januar og 20. august kvart år.

## 14. Juridiske verkemiddel

**Jordlova:**

Denne lova skal sikra at ein tek vare på det produktive arealet, slik at ein er sikra lokal produksjon av matvarer. I § 9 i jordlova er det eit forbod mot å nytta dyrka og dyrkbar jord til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. I § 12 er det eit forbod mot deling av landbrukseigedomar.

**Konsesjonslova:**

Denne lova har til formål å regulera og kontrollera omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av produksjonsgrunnlaget i landbruket og få til dei eigar- og brukstilhøve som best gagnar landbruket. Konsesjonsplikta omfattar no alle bebygde eigedomar med storleik over 100 daa. eller der det er 20 daa. fulldyrka jord.

**Ved handsaming av søknader om konsesjon på landbrukseigedomar på Bømlo med over 7-8 daa. innmarksareal bør hovudregelen vera at søkjarane får buplikt i 5 år. Dette vil vera med å sikra busettinga ute i krinsane.**

**Bu- og driveplikt:**

Ved overtaking av ein landbrukseigedom er det 5 år bu- og driveplikt. Kommunen handsamar søknader om dispensasjon. Det er Odelslova som i tillegg til konsesjonslova regulerer tilhøva kring bu- og driveplikta.

**Vanhevd:**

Det er av omsyn til jordvernet og kulturlandskapet viktig at jord som kan gi grunnlag for lønnsam drift eller som er ein viktig del av kulturlandskapet, vert halden i hevd. Det er ei oppgave for kommunane å registrera jord som vert vanhevda.



## **Skogbrukslova:**

Formålet med skogbrukslova er å fremja ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet. Skogeigaren si plikt til å forynga skogen etter hogst er gjort tydelegare i den nye skoglova.

## **Plan og bygningslova:**

Landbruksstyresmaktene er høyringsorgan i alle planar etter plan- og bygningslova. Ein har såleis høve til å påverka planane, slik at det vert teke omsyn til jordvernet og landbruket sine interesser.

## **15. Miljøarbeidet i landbruket**

### **KSL - Kvalitetssystem i landbruket:**

Norske forbrukarar vil vita kva dei et, og for bøndene er det naudsynt å ha eit godt system for å sikra kvaliteten på produksjonen og produkta. Målet for KSL er at alle bøndene skal ha eit aktivt kvalitetssystem på garden innan 2003. KSL er eit felles opplegg som foredlingsbedriftene, fagлага og rådgjevingsorganisasjonane står samla om. Midlane vert dekkja av jordbruksavtalen med staten. Det er eigne KSL- revisorar som er ute på kontroll med jamne mellomrom.

### **Miljøplan trinn 1:**

Alle som søker om produksjonstilskot i jordbruket skal ha miljøplan trinn 1. I miljøplanen inngår gjødslingsplan og kart som skal visa miljøverdiane på bruket og miljøutfordringane. Vidare er det laga ei sjekklister for dei miljøomsyna i jordbruksdrifta som brukaren skal gå gjennom kvart år.

### **Forskrifter om spreining av husdyrgjødsel:**

Spreining av husdyrgjødsel skal så langt det er mogleg skje i perioden frå våronnstart 1. april til 1. september. Det er ikkje tillete å spreia husdyrgjødsel på snødekkja eller frossen mark, og ikkje under noko omstende i tida frå 1. november til 15. februar.

## **16. Dei viktigaste landbruksområda i Bømlo**

Med kjerneområde landbruk meiner me dei areala i kommunen som er viktige for matproduksjon og jordbruket sitt kulturlandskap. (Rettleiar utarbeid av Landbruksdepartementet mai 2005). Dei viktigaste landbruksområda skal ha ein viss storleik og samanheng. Det er større samanhengande landbruksområde med lett drivne areal og god bonitet (produksjonsevne).

Dei viktigaste Landbruksområda er:

- Sønstabø- Nordtun- Hallaråker
- Meling - Nesse
- Mæland- Fylkesnes- Alvsvåg
- Gilje - Ådnanes- Thormodsæter



- Ersland- Stautland- Oldereide- Finnås
- Ekornsæter- Mækjebakken
- Rubbestad- Hollund- Selle
- Habbestad-
- Håvik Indre- Myhre
- Vorland
- Berge-Tjong- Vika

Det vert laga kartvedlegg som viser avgrensinga på dei viktigaste landbruksområda. Ved rullering av kommuneplanen bør desse områda verta lagt inn på temakart.

## 17. Dei viktigaste kulturlandskapsområda i Bømlo

Dei viktigaste kulturlandskapsområda er:

- Finnås Prestegard
- Steinsvåg
- Urdastølen- Gullgruveområde
- Søre Lyklingholmen
- Sønstabø- Mehus
- Roaldsfjorden
- Hovlandshagen
- Vestre Vika
- Berge-Tjong
- Hiskjo
- Vestsida på Spissøy

Desse områda er lagt inn i kommuneplan for Bømlo. Så langt har me ikkje funne fram til nye område som bør inn i neste rullering av kommuneplanen.

Kulturlandskap er alt landskapet som er påverka av mennesket. Gjennom titusen år er omgjevnadane våre vorte prega av samspelet mellom naturgrunnlaget og mennesket. Kulturlandskapet fortel om naturvilkår, samfunnstilhøve og historie. Staden sin identitet heng nært saman med landskapet sin karakter. Kulturlandskapet vert teke vare på gjennom dagleg bruk, vøling og skjøtsel.

I dei verdifulle kulturlandskapsområda skal ein ta vare på kulturminne, landskapstype, biologisk mangfald og opplevingskvalitetar for framtida. I desse områda må ein syna varsemd med inngrep i landskapet.

Bremnes 15. oktober 2006